

SKIBOTN- MARKEDET



Den gamle markedsplassen på Abaja, Skibotn. Foto: Paulaharju. Museiverket.

9. — 11. okt. i år ble det holdt seminar i Skibotn om Skibotnmarkedet. Dette gamle markedet ble belyst av flere foredragsholdere og det var også bygdekveld. Vi gjengir Olav Seppolas innledning til en samtale om markedet på bygdekvelde, og to av foredragene. Disse artiklene er illustrert med bilder av S. Paulaharju. Han var en kjent finsk fotograf og forfatter og besøkte Lyngen og Finnmark i 1927. Boka «Finnmarkens folk» var et resultat av turen. Det er ei svært lesverdig bok og anbefales. Han var særlig interessert i de områdene kvænene bodde og har derfor svært mye stoff fra våre kanter.

Markedet i manns minne

Ved Olav Seppola

Ingen kan i dag med full sikkerhet si hvor langt tilbake i tida markedstradisjonen i Skibotn går. Vi vet at det ble holdt markeder 2 ganger i året allerede i 1740-åra. Et av markedene ble holdt 4-5 uker før jul og det andre 4-5 uker etter jul. Historiske kilder forteller oss også at de kvenske handelsmennene fra Torneå hadde buer og hus helt tilbake til 1608. Buene og husa ble revet det året og ført bort av en norsk fogd som het Nils Pålsen, og grunnen til det skal være at de norske myndighetene fryktet for at buene kunne komme svenskene til nytte ved et eventuelt innfall i landet. Det er usikkert om disse husa og buene var blitt benyttet i forbindelse med markeder. Markedshandelen må ha vært av stor betydning for folk på begge sider av grensen. I alle fall utvikla markedshandelen seg slik at man fra 1859 og helt fram til 1916 hadde 3 markeder for året. Både samer, kvener, folk fra distriktet, handelsmenn fra Tromsø, Kristiania og Bergen tok turen hit for å kjøpe, selge og bytte varer. Lengst vei av folket på Nordkalotten hadde handelsborgene fra Torneå. Avstanden mellom Skibotn og Torneå er 50 mil. Det er nokså respektabel avstand når man tar i betraktning at disse kom på vinterføre med rein og slede, senere med hest og slede. Det er da nokså klart at i det uveisomme terrenget måtte denne ferden drøye ut. Derfor hendte det ofte at markedene måtte utsettes på grunn av dårlig vær og føre.

Markedene er nå blitt historie, men enda lever mye av markedstradisjonen i folkeminnet her i fjorden. Marked vekker mange minner hos oss. En Oslo-journalist skrev rundt århundreskiftet dette om markedet på Skibotn:

«Tre Gange om Aaret, i November, Januar og Marts holdes her Marked, og det ellers saa forladte Strandsted ser sig plutselig omskapt til en folksom liden Smaaby

med Kjøbmansvarer sprikende fram bak de frosne og sprukne Vindusruter, eller de for leiligheden oppførte Seildugsboder. Med Ansigter stikkende frem av hver liten Kraa, med en bestandig Stimmel af Mennesker gjennom Stedets Storgade og trange Smug, og med Baader i Rad og Rekke trukne opp på den flade Stränd.»

Her kan vi faktisk gå rett inn i bildet og oppleve det hele om igjen. De små grå husa der folk bodde. Markedsbuer — værslitte, med torvtak og sprukne vindusruter, folksomheten på veiene, båter ved kaia, lyden av båtmotorer, surret av stemmer på tre tungemål, lukta fra parafinlamper og petromaxer blanda med lokkende duft fra varme pølser og ferskt bakverk. Markedene var høydepunktet i den grå hverdagen, og for oss var dette tre stammers møte så godt som noe annet. I dag er nesten alle buene borte — det står bare to igjen.

LÆSTADIANISMEN

Den første av læstadianerpredikantene kom til Skibotn i 1848. Ikke mange år etter ble markedene også

brukt til stevner. Forsamlingene ble holdt som regel i private hus.

Pohjojaen var en fast plass, men det ble fort for trangt, og tanken var å samle penger til et eget bedehus. Antin-Pieti var den første som gav penger til et nytt bedehus. Han gav 100 kr, og det ble holdt innsamlinger like ned til Lofoten. Det nye bedehuset var etter all sannsynlighet ferdig omkring 1890 for Antin-Pieti holdt taler der i flere år. Han døde i 1898. Det ble fort klart at dette bedehuset var for lite. I 1910 ble det utvidet, i 1923 ble det utvidet ganske mye og i 1931 ble koret bygd til og innviet til kirkelig bruk. Biskop Berggrav forteller om innvielsen i boka «Spennings land». I 1949 ble så sørskipet forlenget med 8 meter. Tårnet ble bygd i 1963.

Det viser seg at bedehuset stadig er for lite. Handelsmarkedet har jo ingen betydning lenger, men stevnene samler fremdeles mye folk. Det ble talt på finsk og tolket til norsk. Det ble talt på samisk og tolka til finsk osv. I det siste er finsken nesten falt bort, så nå er det bare samisk og norsk.

Markedet hadde i lang tid så stor

Til side 57



Bedehuset i Skibotn 1927. Foto: Paulaharju, Museiverket.



Fra Skibotn i 1927. Foto: Paulaharju. Musieverket.

Skibotn-markedet på 1900 tallet *av Reidun Mellem*

Ein novenberdag i 1911 stemna ein båt for fulle segl frå Elvevoll skrått over Storfjorden mot Skibotn. Høvedsmann og einaste kyndige mannskap ombord var 14 år gamle Johan, som faren, Lars Larsen, hadde sendt som selgar til markedet på Skibotn. Varen han skulle selge var ein diger kuskrott, og med seg i båten hadde han også søstera Marianna, som då var 18 år, og skulle vere med som kamerat på turen — og naturlegvis også for å glane på alt det merkelege som fantes på marknaden: kjoletøy og pyntetørkle og nåler og brosjer av alle slag, godluktsåpe og godluktvatn — og dessutan spennande lykkebrev som fortalte alt mogleg fint om framtida.

Men i båten var ho ikkje stort til gangs, så 14-åringen måtte greie alt åleine. Det var nokså sterk vind, og Storfjorden *kun* vere stygg,

serleg over mot Skibotn, så det var ikkje rart at jenta tok til tårene. Men ungguten segla som ein kar — og dei kom velberga fram. Kuskrotten fikk han selt til slaktar Aune frå Tromsø, og pengane kom velberga tilbake til faren. Det var ikkje snakk om å sløse bort noko på seg sjølv i dei dagane.

MARKEDSTID PÅ SKIBOTN

Novembermarkedet — eller høstmarkedet som det helst blei kalt — var vel det som samla mest folk frå bygdene. Då var mannfolka heime frå fisket, og det var derfor fleire som kunne ta markedsturen. For dei som skulle komme frå Sverige og Finland kunne nok føret av og til skape vanskar — det var ikkje sjeldan mildver og regn om

hausten, og då måtte reinar og hestar setjast att på Helligskogen eller Silas, og markedsfolket fikk seg skyss med hest og kjerre ned til markedet og opp igjen. Det var folk på Skibotn som sørga for denne transporten.

Foruten novembermarkedet så var det marked 2 gonger til: i januar og i mars. Men i 1916 blei det bestemt at det skulle vere marked der bare 2 gonger for året, og dei skulle starte 12. november og 20. februar. Og medan dei før hadde drive på i både ei og to veker — litt avhengig av ver og føreforhold — så blei det etter kvart til at det greidde seg med 3-4 dagar. Handelsmennene hadde lov til å handle i 3 dagar, men dersom det var stygt ver og dårleg føre, så kunne dei etter søknad få markedsperioden forlenga med ein dag eller to.

REISEMÅTEN TIL OG FRÅ MARKEDET

Korleis avvikla dei så trafikken til og frå Skibotn i markedstida? Stort sett med at kvar sørga for transporten sjølv. Det einaste som fanst av rutegåande trafikkmedel var lokalbåten, og elles brukte dei skøyte, dei som hadde det, eller dei rodde — og segla — dersom det var høveleg vind, slik eg fortalde far min gjorde. I bolagstida — 1916 — 1918 — blei det laga ein slags kjøreveg frå Kvesmenes til Skibotn, slik at folk på ein måte kunne ta seg fram med hest, men fjorden var nok ei adskillig betre ferdssåre. Veg-anlegget Kvesmenes-Skibotn blei påbegynt som naudsarbeid i 1935-36, men vegen blei ikkje farbar før i 1940, og då var marknadene allerede på tur ut av bildet. Oppover Skibotn-dalen hadde man hatt den gamle kongsvegen gjennom lange tider, men skikkeleg bilveg blei gjort ferdig først under krigen. Så heilt opp mot 1940 var det sjøen som var beste ferdssåra. Dei store varepartia kom sjøvegen, med lokalbåten eller med lastebåtar som «Tore Hund» eller «Tordenskjold». Og nedover dalen kom reinraidane som før — samefolket sin eldgamle og effektive reisemåte. Finlendarar og svenskar kom med hest. Dagboka for «Skibotten Toldstation» har mange interessante ting å fortelje:

14.— 15. nov. 1915:

5500 kg reinkjøtt inn frå Sverige
Nov. — Des. 1915:

er desse varene komne inn:
skinn, skallar, reinhår, ryper,
reinkjøtt, reinskrottar, tjære,
reinmose, hestefor.

Reinmose kunne vel vere viktig å ha med, for samene hadde reinan sine gåande på moane på Skibotn så lenge markedet varte, og det kunne i gode markedsår vere opptil 3000 dyr samla der.

13. nov. 1916:

6 finske oppsittere inn med hestefor, moltegraut og 300 kg kukjøtt. 16 lapper inn med reinsdyrkjøtt.

Des. 1916:

Tollstasjonen får denne meldinga frå Tolldepartementet gjennom tollinspektøren i Tromsø, Gerh. von der Lippe:

«Markedshandlerne gives tilladelse at udføre 500 kg sukker, 300 kg margarin, 1000 kg hvedemel. Statens billige mel og sukker

tillades ikke utført».

Under krigen 1914-1928 hadde kvar kommune sitt provianteringsråd som kontrollerte matvarehandelen, og dei var nøye med at det ikkje blei selt for mykje matvarer over grensa.

19. — 20. febr. 1917:

158 rein inn — finske markedsøkere — med kjøtt og ryper, 15 hester, 11 finske — 4 svenske, med kjøtt og ryper.

25. febr. 1917:

105 rein ut av landet, med tabletter, margarin, kaffe, gryn.

MARKEDSHANDELEN

Handelsmennene kom gjerne til Skibotn eit par dagar i forvegen, for å gjøre alt i stand. Dei fleste forretningsfolka frå Tromsø hadde eigne handelsbuer, som t.d. Tinus og Olaf Aune, Peder M. Hansen, Ferdinand Jakobsen, Morten Wilhelmssen og skinnkjøparane Frøslie og Olav Hestenes, som kjøpte for Rieber. Faste handelsbuer hadde også dei største handelsmennene frå distriktet, som Giæver frå Hamnes, og Giæver frå Lyngseidet, men det var også mange som leigde buer eller privathus til handelsbruk. I alt så har det nok vore omlag 20 handelsbuer i sving under marknadene. Frå Sverige og Finland kom det også handelsmenn, namn som Rantakokko og Nilimä er vel enno i minne på Skibotn. Ti-tolv handelsmenn frå nabolanda var vanleg, og dessutan ein stor flokk «markedsøkere» som kjøpte og selte for seg sjølv og for naboeane sine. Olav Seppola, rektor på Hatteng ungdomsskole, har samla namna på omlag 30 slike «deltidshandelsmenn» frå Finland og Sverige. Han kan også fortelje litt om kor store vareparti som kunne bli omsett på Skibotn: ca. 40 000 rypar og ca 3000 reinskrottar på ein marknad. Dette er tal frå 1900, og det er «Morgenbladet» som opplyser dette i omtalen av markedet det året.

Hestefolket leigde stallar rundt omkring på Skibotn, og der hadde man jo faste avtalar frå år til år. Slik var det også med dei tilreisande til marknaden. Dei fikk seg losji hos slektningar eller kjenningar — låg på flatseng, som man sa, tett i tett på golvet. Sengklede hadde dei gjerne med seg og dei heldt seg stort sett med tørrmaten sjølv. Dei som hadde betre råd, spanderte gjerne

på seg litt meir komfort, og «storkarran», dei største handelsmennene og oppkjøparane, bodde og åt alle mål på Karina sitt hotell — ei ganske lang, toetasjers bygning som låg i sjølve markeds-gata, rett over vegen for den gamle Beck-butikken som enno ligg der.

Ho Karina var nok eit driftig kvinnfolk — ho var utdanna småskolelærer og skolte på Skibotn og i Lyngsdalen. Ho var medlem av Lyngen heradsstyre, og så eigde og styrte ho altså hotellet, som hadde sine glansdagar i markedsperiodane. Då vrimla det av kaksar der — med brillar på nasen og gullkjede på magen — sa mor mi. Ho var fast serveringsdame der i sin ungdom, i lag med Elida Seppola frå Skibotn. Hotellet sine gjestar blei servert i spisesalen, mens almuen fikk si servering i kafeen i første etasje.

Karina var dyktig og myndig — og stadig like opptatt av å yte førsteklasses service både når det gjaldt mat og stell, serleg då overfor dei faste gjestane. Ho fikk forresten kongens fortjenestemedalje i sølv, ho Karina Pedersen frå Pollen, men det var jo noko seinare.

I tillegg til hotellet så fantes det 2 kafear til på Skibotn. Det var Hans Henriksen sin kafe og Koht sin kafe. Koht var bakar, og han bakte opp store varelager på førehand, og i tillegg så kom det store mengder brødvarer frå Tromsø — der var serleg nokre store sirupskaker som var etterspurte. Dessutan var det dei som kom dit for å tene seg litt pengar med å selje middag til markedsfolk. Det blei kokt store gryter med potet og saltauar, og folk fikk ete alt dei orka for kr. 1,50. I 1930-åra var medlemmar frå sanitetsforeninga på Elvevoll der med salg av middagsmat. Dei laga opp fiskemat heime, fiskekaker og fiskebollar, og så frakta dei dette med seg i store spann i lag med koppar og kar og utstyr elles, og så svinga dei opp med kafé på markedsdagane.

INNVIRKNING PÅ AR- BEIDSLIVET I BYGDENE

Kva slags innvirkning fikk så marknadene på arbeidslivet i bygdene? For å begynne med meg sjølv, så minnest eg ein viktig dag i min tidlege barndom: Eg hadde geburtsdag — eg fylte 5 år — og akkurat den dagen fikk eg for første gong strikke på ein skikkeleg bunding,



Bygdeveien på Skibotn med hotellet og markedsstuene. Foto: Paulaharju. Museiverket.

ein markedsvott. Eg hadde nok fått skryt, i allefall så hugsar eg enno tydeleg at eg sat på den lille krakken attmed komfyren, i sterk konsentrasjon om arbeidet, og med ei sterk kjensle av at eg nok var flink. Men denne episoden er jo også eit bevis på at kvinnfolka på bygdene gjennom markeshandelen kunne skaffe seg lønna arbeid — til og med i forholdsvis ung alder!

Det var viktig for småbrukarane å eige nokre sauar, og produksjonen starta så snart man hadde fått dei ned frå fjellet om hausten — med klipping, karding, spinning og strikking. Og ungane var med på det meste: halde sauene under klippinga, karde tullar til spinninga, tvinne garnet og bitte bunding, som vi sa. Vi batt mest vottar og lestar, men det var også vanleg å bitte lange ullstrømpar, helst gråe, dersom man hadde svartsau eller bytta til seg svartull — og så vanlege strikkatrøyer. Mønsterstrikking med to eller fleire fargar

var noko som kom under krigen, trur eg. Mor mi hadde strikke-maskin, så det er vel truleg at ho laga markedsvarer på den. I Mandaldalen hadde man sitt eige produkt, Mandals-grena, og det er vel mykje markeshandelen å takke at denne vevemetoden har overlevd til i dag.

Mannfolka dreiv med fiske. Det var avsetning på marknaden for både saltfisk, tørrfisk og sildtynner — og dessuten det man hadde av slakt og skinn. Og gutungane fiska rypar, som vi sa. Det var ein heil industri å lage gode rypesnarar av messingtråd og snøre, og så var det då å sette opp kvistgjerde i snøen, for å leie rypa fram til snara. Dei fiska hare også, men då brukte dei vel litt grovare messingtråd.

VAREUTVALGET

Kva kunne så folk skaffe seg på marknaden? Ja, dei kunne vel få tak i alt mogleg, dersom dei hadde sett

seg råd til ubeherska handel. Men det var no helst slik at dei fleste kjøpte det dei *måtte* ha, og ikkje så mykje meir. Matvarer kjøpte dei: mel, farin og tabletter, sirup, kaffe, gryn og salt. Av tøyvarer: lerret og staut til sengkledde, vadmél, matterenning og anna vevgarn — og så litt pynt: forkletøy, iallefall, — kjoletøy, kanskje, hvis dei hadde litt meir å rutte med, halstørkle, svarttørkle, som var fast hovudplagg i kjerke og forsamling — eit forsiktig utval av luksusting: hårkammar, godluktsåpe, kanskje jentene spanderte på seg litt godluktsvatn, og så muligens ein forundringspakke til 25 øre. Det var i Urdal-bua man fikk desse forundringspakkane, og der var det mykje glitter og stas, pyntesaker av alle slag. Men i forundringspakken, saman med diverse småting, låg også eit hefte med forteljinga «Den gaadefulde», fortel Anton Sommer-set frå Skibotn. Den forteljinga var skriven av ingen ringare enn Knut

Hamsund, og Urdal var den første forleggaren hans. Slik var det at desse hefta var komne med i forundringspakkane, og dei var vel ikkje så mykje påakta den gongen, men i dag ville nok eit slikt hefte bli betalt med ein nokså høg pris, dersom det kunne skaffast.

Ein annan ettertrakta vare for ungdommen var lykkebrev, trykt på farga papir. Eg veit ikkje om dei låg inne i forundringspakkane, eller om dei blei selt for seg — men eg hugsar i allefall at mor mi hadde to slike brev, og det var spennande lesing. No har eg nok gløymt alt som stod der, unntatt siste setninga i det eine brevet. Ho var slik: «Og du vil blive bestemoder til mange nydelige børn». Det var vele ei nokså vanleg formulering i lykkebrev — dei handla jo om «kjærlighet og sånt», sa ei eldre kvinne eg snakka med.

Dei mange samane sette eit fargerikt preg på markedsalmuen i sine koster og pesker. Det var som eit sus av eventyr når dei svinga inn på markedsplassen med sine rein-raider, 8-10 reinar etter kvarandre, med bjellesingling og høge rop. Dei førde med seg store mengder reinkjøtt, og det var nokså vanleg at handelsmennene sende tolkane sine oppover dalen for å møte dei der

og prøve å avtale ein handel før konkurrentane kunne komme til. Handelsmennene hadde sine faste tolkar av lokalbefolkninga, slike som beherska alle 3 språka: norsk, finsk og samisk. Markedsalmuen kjøpte reinhår av samane — til fyll i bolster og vel også i teppe og puter. Reinhår var «sprekare» fyll enn til dømes kuhår, det klumpa seg ikkje så fort. Dei fleste brukte då høysom fyll i bolstera, men kunne man spandere ein reinhårsbolster oppå, så var det riktig fint. Andre gode handelsvarer var skallar av reinskinn og vevde komagband til penbruk. Samane kjøpte matvarer, spesielt smør og kaffe — og tobakk. Det var ein vare som det gikk mykje av, fleire hundre kg tobakk blei selt på kvar marknad, sjølv sagt ikkje berre til samane, men til alle. Samane kjøpte også stoff og pynteband til koster, Manndalsgrener, silketørkle og søljer og anna sølvpynt til kofta.


Det var godt utval av gullsmedvarer på marknaden, og handelen gikk godt. Hadde unggutane tent seg opp nokre kroner, så blei det nok både brystnål og vennskapsring og sølvfingerbøll til kjæresten. Og ikkje så få blanke forlovelsesringar blei spreidd utover bygdene frå Skibotn-marknaden.

ULOVLEG HANDEL

Akkurat det med å spreie gullsmedvarer utover bygdene, det fikk han Klaus Andersen god hjelp med ein gong. Handelsmennene sende jo gjerne varebeholdninga si tilbake med lokalbåten når marknaden var slutt, og så gikk det altså ikkje likare til at ein av gullsmedvare-koffertane blei frakta i land på ein plass der han ikkje skulle i land. Det tok jo litt tid før det heile blei oppdaga, og då var ingen spor å finne. Gullskatten var forlengst graven ned på ein hemmeleg plass. Det var tre brør som stod bak tiltaket, og dei to eldste var svært forsiktige. Dei selte ein og annan ting, men alltid langt borte frå heimbygda — f.eks. på Lofoten og Finnmarka. Men den tredje «gullsmeden» var meir uvøren, han prata vel litt for mykje i godt lag, og litt spanderte han på jentene og — så saka kom opp og dei skyldige måtte sone i fengsel. Av tjuvgodset var det visst lite å finne, det var visst spreidd for alle vindar. Men folkevittigheta forneakta seg ikkje, — dei tre karane gikk lenge etter berre under namnet «Klaus Andersens filial».

(F.v.) Jenny Paulaharju, Petter Tarkkas datter og hotellvertinne Karine Pedersen. Foto: Paulaharju. Museiverket.





Abaja i Skibotn. Foto: Paulaharju, Museiverket.

Stort heldigare var dei heller ikkje, dei karane som fann på å stjele nokre av kjøtt-tynnene som dei skulle rulle ned på kaia for sending til Tromsø. Dei rulla nokre tynner *over* kaia ned i sjøen og fikk plassert dei under kaia. Der blei dei henta med båt om natta og skulle fraktast over fjorden. Men så fikk dei på seg eit slikt fælt uver at dei til sist måtte lempe tynnene på havet for å berge liver, og det sa folk var lønn som fortjent.

Smugling av matvarer over grensen var heller ikkje uvanleg på den tida. Matvarer som mel, sukker og kaffe var billegare her i landet enn i nabolanda under første verdenskrigen, men det var strenge restriksjonar for sal til utlendingar. Proviantrådet i kommunen kontrollerte at alt gikk rett for seg, og det blei tilsett oppsynsmenn i alle dalføra opp mot grensa, for man var jo klar over at ei viss ulovleg utførsel nok forekom. På Skibotn var det i bolagstida opptil 6 tollbetjentar på grunn av transitttransporten over til Finland, og ein av desse tollarane var det som oppdaga ein hemmeleg vinterveg

over grensa eit godt stykke frå tollstasjonen. Det var nok ein veg for ulovleg utførsel. Og etter februarmarknaden i 1917 brygga det opp til riktig storoppvask. Det blei kjent at heile 16 sekkar kaffe var blitt smugla ut i løpet av vårvinteren. Det blei sett igang ettersøking, handelsmennene som hadde selt kaffen blei tatt i forhør, men dei hadde ikkje sett det som si oppgåve å spørje etter kva kundane skulle gjøre med varen. Den eine handelsmannen la endå fram ei erklæring frå kjøparane om at «hverken kaffen eller emballagen i nogen som helst form skal udføres fra riget». Men då *var* både varen og «emballagen» allereie utført av riket — over Kittdalen i Storfjord. Etter det drøfta man fleire tiltak for å stoppe smuglinga. Tollarane foreslo tre løysingar: a) få utdelt våpen, slik at dei kunne skyte ned hestane om folk ikkje stoppa for kontroll, b) få sett opp eit piggråd-gjerde som sperring på begge sidene av tollstasjonen, c) bygge vaktstue ved Rovijok, der alle reisande måtte over brua. Den 2. desember 1917 går så eit brev til

distriktstollinspektøren i Tromsø, ein søknad om å få utlevert våpen til tollarane.

Og våpen fikk dei — 3 gevær frå det militære lageret på Setermoen, med 30 lause og 90 skarpe skot, og sersjant Hansen frå Skibotn blei beden om å gje tollarane «den nødvendige instruksjon i geværets bruk og behandling». Så då spørs det vel om dei ikkje greidde å setje seg i respekt.

FORLYSTINGSLIVET PÅ MARKNADEN

For dei unge var det jo ei forlysting i seg sjølv å komme på marknaden og treffe andre ungdommar. Det var jo spennande med «markedskjærest», og mange slike forhold fortsette inn i livslange ekteskap. Ellers var der mangt anna av underholdning: skytebane, dans, gjøglarar av mange slag, serleg var det ein «kållsvart» neger som vekte stor oppsikt — ikkje alle visste at det fants slike menneske også, så dei gjorde seg sine tankar, mange, då denne karen

Til side 57

Markedet i manns —

(fra side 11)

plass i folks bevisshet at det var med på å danne tidsbegrep, et tidsskille som f.eks. før og etter markedet. Ofte hørte man når folk skulle beskrive hendinger, at det og det hendte så og så mange uker før markedet. Det var en begivenhet som hadde stor betydning. Ved fødsler hørte man ofte om folk som var født 3 uker før markedet eller 2 uker etter markedet.

Skibotnmarkedet er et gammelt marked. Ingen vet med sikkerhet når det startet og heller ikke når det opphører. Markedet i betydningen handelsmarked er forsvunnet, men hvert år i november, i høstmarkeds-tida, setter mange mennesker hverandre stevnemøte i Skibotn for å fortsette tradisjonen, men nå ikke lenger for å handle, men for å høre Guds ord.

Kvinnfolkarbeid —

(fra side 9)

klær fra ull til ferdig plagg, bakst og annen matlagning m.v.

Dessuten er det kvinnene som for det meste har hatt ansvaret for barna og de aller eldste.

Alt dette har kvinnene gjort uten betaling i kontanter med en arbeidsdag på 14-15 timer.

Mannen har vært den som etter gammelt mønster har utført lønnet arbeid ved fiske, jakt og arbeid utenfor heimen.

Denne arbeidsdelinga var tydelig, og den er gammel.

Kvinnen som ikke skaffet «klingende mynt» til huset, hadde dermed lavere sosial status enn mannen og var uten noen godtatt selvstendighet. Hun var å betrakte som et «vedheng» til mannen, sosialt sett. Også i våre dager er det særlig mannen og mannsyrkene som dras fram i lyset i forbindelse med f.eks. lokal-historie. Få eller ingen nevner de som arbeider i «kulissene» for å få det hele til å fungere. Skal tro hvor mange mannfolk som ville ha kommet seg avsted til Lofoten eller Finnmarka, på jakt eller innlandsfiske dersom ikke kvinnfolkan hadde strevd og slitt i uke etter uke

på forhånd med å rute dem ut med mat, klær, sengklær o.s.v.? Og ikke å forglemme, tatt vare på skitten-klær og f.eks. jaktutbytte når «folket» endelig kom heim!

En ting vi også har merket oss under arbeidet med intervjuene, er eldre kvinners beskjedenhet og uselvishet. De synes ikke deres innsats er noe «å snakke om», er takknemlige for at de har klart seg og sine såpass i livet og verdsetter i det hele tatt ikke sitt livsslit.

Ja, slik er de fleste av disse kvinnene innstilt, de som alltid «har stilt sist i køen».

Eller som Elisabeth Figenschau uttrykte det på spørsmål om det ikke ofte føltes tungt med alt ansvaret og alle pliktene døgnet rundt og året rundt?

Tongt? Ja, eg er så innlevd i det der, så eg føle enda ansvar før alt. Tidlig måtte man stå opp og arbeide til seint på kvelden. Mange ganga hadde man så masse arbeid at man jobba til langt utover kvelden og nettene for å bli ferdig. Eg må sei at det va tongt mange ganger, likevel var jeg aldri lei. Man var glad bare man fikk arbeide unna, til rett tid.

Skibotnmarkedet —

(fra side 16)

plutselig steig ned på kaia frå lokalbåten. Det viste seg at han hadde ei forestilling saman med ei fin dame som blant anna kunne danse på knust glass. Ein annan hadde forestilling med å vise fram slargar som smaug seg rundt kroppen på han. Og så var det jo mange som hadde sine private forestillingar ved hjelp av alkohol. Det blei selt ganske mykje brennevin på marknaden, og med det følgde også huiing, skrål og slagsmål. Kjøpskål var fast praksis, eit lite glass brennevin ved litt større handel.

MARKNADEN SIN BETYDNING FOR LOKALSAMFUNNET

Det er ikkje tvil om at marknadene hadde stor betydning for lokalsamfunnet. Noko av det viktigaste er den virksomheta og den

aktiviteta som marknaden skapte rundt omkring i bygdene. Småbrukaren og fiskarbonden med familiar, både kone og barn, kunne utnytte akkurat dei ressursane dei rådde over: fiske og husdyrhald — skaffe fram produkt som faktisk blei ettertrakta handelsvarer, og som skaffa produsentane det dei trengte til livets opphald. Alle kunne produsere det dei kunne klare, og sjølv om prisane ikkje var skremmande høge — 45-50 øre for rypa, 1 krone for votteparet, 5 kroner for ullstrømpene — så fikk dei i allefall noko å selje, noko det blei pengar for, og eg trur nok at denne markedshandelen både føltes og fungerte som eit godt vern mot hårde bankterminar og mot fattigkassespørsmålet, noko som ikkje berre var eit trugsmål, men ein skremmande realitet for mange småkårsheimar.

Men marknadene hadde ikkje framtida føre seg. Det gikk stort sett bra oppover gjennom 30-åra, men så kom krigen — og med det full stopp. Etter krigen var det heilt slutt med vintermarknaden, men det var litt handel på høstmarknaden dei nærmaste åra etter krigen. Men så blei det slutt. Pengehushaldet og den store utviklinga innanfor områda varehandel og kommunikasjon gjorde marknaden overflødig. No treng ingen vente til november eller februar når dei skal handle — bilen, supermarkeda og fastlønna arbeid har gjort kvar dag til ein markedsdag. I 1958 blei så markedsbevilgninga trekt tilbake, og med det var sluttstrek sett. Berre på eitt område lever marknaden vidare: i dei store læstadianarstevnene som framleis blir haldne på Skibotn i «høstmarkedsstida» — omkring 10 nov. Frå torsdag til søndag er Skibotn igjen inntatt av tilreisande — omlag 2000 menneske eller meir kjem frå alle kantar av landsdelen, og også frå nabolanda. Her fører man vidare tradisjonen med forsamling i markedstida, ein tradisjon som går attende til 1860-åra og Antin-Pieti, Læstadius sin første utsending til Lyngenområdet. Skibotn bedehus blei bygd litt etter 1890, det er utvida 6 gonger og kan no ta omlag 2000 menneske, men det er stadig trøngt om plass der på dei store høststevnene. Og i staden for reinsdyr og hestar, så er det no hundrevis av bilar som då overtar kvar ledig flekk på den gamle markedsplassen på Skibotn.